



Dei fleste har liggjande prospektkort frå heimstaden og no etterlysar vi slike med motiv frå vår bygd. Dei fortel historie og bør bevarast for ettertida.

Prospektkorta skal inngå i utstillinga under museumsdagen på Rød, som i år er søndag 19. august.

Som døme på kva arrangøren er ute etter offentliggjør vi her to kort.

Det eine er teke frå brua, med den karakteristiske øya midt i elva. Mange har beklaga at den vart fjerna. Fotografen er Normann Kunstforlag i Oslo.

Det andre er også Normann-foto, nærare bestemt fotografert av Bjørn Østrem, men det er eit lufffoto.

Kyrkjetårnet og den nye skulen gjev ein pekepinn men når er dei 2 fotografia tekne? Klikk på dei, så vert dei skarpere.

Av Ola Matti Mathisen

